

På torget med evangeliet



For tredje år på rad gjennomfører Open Air Campaigners (OAC) denne veka aksjonen «Reach the City» i Oslo. Gjennom gatemøte og kreativ formidling ønskjer ein å spreie den kristne budskapet.

Til årets aksjon har OAC i Noreg henta inn evangelist Steve Harris frå OACs avdeling i Wales. Dagleg leiar i den norske avdelinga, Hartvig Kloster, fortel at om lag 20 personar med tilknytning til OAC er med på denne vekas opplegg i Oslo. Det inneber undervising av deltakarane på førmiddagane, mellom anna ved Steve Harris, og så gatemøte på Egertorget og Grønlands torg på ettermiddags- eller kveldstid. Aksonen varer til og med laurdag.

-Harris har mykje erfaring med gateevangelisering. Det har vore inspirerende å ha han med på årets aksjon, seier Kloster.

Blant dei tema det har blitt undervist om, er korleis ein skal møte muslimar. -Ikkje minst her på Grønland torg kjem vi i kontakt med mange muslimar, og får mange gode samtalar, seier Kloster som har drive gateevangelisering i Oslo i åtte år, og kan fortelje at møte med muslimar på gata har ført til jamlege samtalar om tru med enkeltpersonar over lengre tid.

Ein god del forbigpasserande stansar og lyttar til Steve Harris og hans kreative formidling av den kristne budskapet på Grønlands torg. Ved hjelp av eit sketchboard og spørsmål til publikum fangar han merksemda.

Representantar for OAC driv kvar veke det meste av året gateevangelisering i Oslo sentrum. I sommar har OAC dessutan vore til stades på Tysnesfesten sør for Bergen og på Skånevik bluesfestival, der dei saman med lokale kristne har formidla evangeliet til festivaldeltakarar.

Billettekst: Steve Harris frå OAC i Wales formidlar evangeliet ved hjelp av eit sketchboard. Foto: Ole Andreas Husøy, KPK

Av Ole Andreas Husøy, KPK
08.08.2014 12:02